

# Forskargruppe i mellomalderfilologi | *Research Group for Medieval Philology*

<http://www.uib.no/fg/mellomalderfilologi> | <http://www.uib.no/en/rg/medievalphilology>

Årsrapport 2014 (maks to sider)

## 1. Leiing

Forskargruppa i mellomalderfilologi har i 2014 vore leia av **Odd Einar Haugen**, **Helen Leslie** og **Aidan Conti** (vårsemesteret). Under permisjonen til Aidan Conti i haustsemesteret 2014 har **Eike Schnall** vikariert for han i leiargruppa. Val av leiing for 2015 vil skje på årsmøtet 16.01.2015.

## 2. Samansetjing av forskargruppa

Forskargruppa har 14 aktive medlemmer i faglege stillingar ved Universitetet i Bergen:

- a. Seniorforskarar: Odd Einar Haugen (LLE), Eike Schnall (LLE), Aidan Conti (LLE), Pär Sandin (LLE), Ole-Jørgen Johannessen (pensjonert, LLE), Kari Haugland (IF), Rune Kyrkjebø (UBB)
- b. Postdoktorar: Helen Leslie (LLE), Astrid Marner (LLE)
- c. Stipendiatar: Robert Paulsen (LLE), Florian Schreck (LLE), Synnøve Myking (LLE), Kristian Rusten (IF)
- d. Eksterne lærekrefter: Hilde Stoltz (LLE)

I tillegg kjem masterstudentar og ei rekkje lausare tilknytte medlemmer både i og utanfor Bergen:

<http://www.uib.no/fg/mellomalderfilologi/25930/medlemmer>

## 3. Faglege møte og dagsseminar

1. **Odd Einar Haugen**, LLE: Korleis søkje i gammalnorske tekstar? Praktisk innføring i Menotec-prosjektet og INESS-portalen (06.02.2014)
2. **Aidan Conti**, LLE: Scribes and Their Exemplars: An Early Medieval Case Study (20.02.2014)
3. **Tonya Kim Dewey**, University of Minnesota, Morris: Dative Sickness: A Phylogenetic Analysis of Argument Structure Evolution in Germanic (19.03.2014)
4. **Florian Schreck**, LLE: The Old Norse Lapidary Tradition and its Influence on the Old Icelandic Riddarasögur (10.04.2014)
5. **Dale Kedwards**, University of York: Cartography and Culture in Medieval Iceland (24.04.2014)
6. **Robert Paulsen**, LLE: "Ef maðr drepr foður sín eða broðor..." On vowel harmony in the manuscript Holm perg 34 4to (11.09.2014)
7. *Manuscripts, Editions, Grammar*: Dagsseminar for Odd Einar Haugen (19.09.2014) med bidrag frå **Massimiliano Bampi** (Università Ca' Foscari Venezia), **Else Mundal** (Bergen), **Jürg Glauser** (Universität Zürich), **Helen Leslie** (LLE), **Robert Paulsen** (LLE) og **Eike Schnall** (LLE):  
<http://www.uib.no/fg/mellomalderfilologi/80111/symposium-honour-odd-einar-haugen-his-60th-birthday>
8. **Dr. Frog**, Helsingin Yliopisto: Mythic Knowledge and Genre as Cultural Practice. A Look at Synchronic Variance and Diachronic Change (30.09.2014)
9. **Gottskálk Jensson**, Københavns Universitet: What to do with Latin in Old Norse-Icelandic Studies? (30.10.2014)

10. **Beeke Stegmann**, Københavns Universitet: The changing form of Árni Magnússon's paper manuscripts (11.11.2014)
11. **Astrid Marnar**, LLE: Snarveg til Bibelen – *Historia Scholastica* i Noreg og Island (09.12.2014)

#### 4. Lesegrupper

I haustsemesteret 2014 vart det halde tre lesegrupper, i *gotisk* (under leiing av **Robert Paulsen**), i *norrønt* (under leiing av **Florian Schreck**, **Helen Leslie** og **Robert Paulsen**) og i *samisk* (under leiing av **Astrid Marnar** og **Helen Leslie**).

#### 5. Ekskursjonar

(a) Fellestur 08.02.2014 til *Viking Society Student Conference* i Durham med fire deltakarar. (b) Ekskursjon med fullt program 08.–13.05.2014 til England (London, Lincoln, York og Oxford) med 12 deltakarar. (c) Ekskursjon med fullt program 05.–06.09.2014 til Hardanger med 22 deltakarar. Det meste av arbeidet med ekskursjonane vart gjort av **Helen Leslie**, **Eike Schnall** og **Hilde Stoltz**.

#### 6. Innkjøp av bøker

Forskargruppa har kjøpt inn eit større utval sentrale handbøker og oppslagsverk. Fullstendig oversyn: <https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Forskargruppe-mellomalderfilologi/Boksamling/2014.pdf>

#### 7. Felles faglege aktivitetar

Faglege aktivitetar som to eller fleire av medlemmene i gruppa aktivt har vore med på (gjennom presentasjonar e.l.): eit tekstkodingskurs i Reykjavík 28.–29.03.2014 (**Haugen**, **Leslie**, **Paulsen**, **Schreck**), ein workshop i Berkeley finansiert av Peder Sather Grant 03.–06.04.2014 (**Schnall**, **Leslie**, **Marnar**, **Schreck**), konferansen *Nordisk syntaxhistoria* i Vitterhetsakademien i Stockholm 06.–07.11.2014 (**Haugen**, **Paulsen**), deltaking med innlegg på konferansen *Myth and Knowledge* i Århus 13.–14.11.2014 (**Schnall**, **Tom Hellers**), symposiet *Filologiens plass* i Videnskaps-Akademiet i Oslo 02.12.2014 (**Leslie**, **Marnar**, **Paulsen**, **Schreck**), og redaksjonsarbeid i *Parvum Lexicon Stemmatologicum* gjennom heile 2014 (**Haugen**, **Conti**). I tillegg kjem ei lang rekkje individuelle deltakingar.

#### 8. Planar for aktivitetar i 2015

(a) Deltaking med tre innlegg på konferansen *Ageing: Histories, Mythologies and Taboos* i Bergen (30.–31.01.2015). (b) Arrangement av poenggeivande dagsseminar i Bergen om vokalharmoni (16.03.2015). (c) Tilrettelegging av fleire faglege seminar i Bergen med kollegaer og studentar (master og PhD) frå Cambridge og Bonn (14.–17.04.2015). (d) Deltaking med to innlegg på *Conference on Medieval Science* i Odense (21.–23.05.2015). (e) Deltaking med fire innlegg på *16. International Saga Conference* i Zürich og Basel (09.–15.08.2014). (f) Deltaking med fleire innlegg på *22. Arbeitstagung der Skandinavistik (ATDS)* i Köln (29.09–02.10.2014).

Forskargruppa vil takke instituttet hjarteleg for romslege løyvingar i 2014, både til invitasjon av gjesteførelesarar, arrangement av ekskursjonar og bokkjøp.

Bergen, 30. desember 2014

*Odd Einar Haugen*